



**- Frå hausten 2008 har vi planar om å forandre dag til laurdag, opplyser leiar for sundagsskulen i Uskedalen Nelly Kjærland i søknaden om kommunal driftsstønad for 2008. Ho legg til: "Laurdagsskule + graut = sant".**

I søknaden blir det opplyst at det no er 18 aktive medlemmer under 18 år og at det har vore 14 samlingar med 8,5 medlemmer i gjennomsnitt kvar gong. Det har vore sundagsskule annankvar sundag og dei har kjørt med to grupper i 2007.

Sundagsskulen hadde i fjor 9.480 kroner i inntekter og 9.742 kroner i utgifter og ved årsskiftet hadde dei 5.259 kroner i kasse og bank.

Frå 11. til 13. april reiser ei gruppe (leiar samt seks born med foreldre) på juniorleir til Brandøy.